



Statsråd Trygve Slagsvold Vedum møtte uskedelingen Elin Legland i Omvikdalen

Den første statsråd har vore på vitjing i Kvinnherad i valkampen, Landbruks- og matminister Trygve Slagsvold Vedum (Sp) samla idag 80 tilhøyrarar til folkemøte på Dahlheim trass i stor aktiivitet på jordene og hedemarkingen slo som venta an ein offensiv tone med matsituasjonen som hovudtema. Han minte om målet som er å auka matproduksjonen med ein prosent i året og kunne her mellom anna henta inspirasjon i ein opplysning som uskedelingen Elin Legland kom med.

Ho er heime på ferie frå ørkenstaten Quatar og kunne melde at den no presterar å produsera 30 prosent av matbehovet sitt, noko ho finn svært imponerande.

Statsråden har satsa hardt på matbodskapet sidan han tok over departementet for eitt år sidan og under møtet fekk han ros av mellom andre ein A-politikarar som Øyvind Hardeland. Ein av utsegnene til Slagsvold Vedum som ein hugsar er at folk om 50 år kan seie at vår generasjon nytta matjorda til å byggja kjøpesenter på. Difor lyt ein ta upopulære val i dag og forvalte ressursane slik at dei varer frå generasjon til generasjon i ein stadig tøffare situasjon.

Statsråden innrømte etter turen gjennom Kvinnherad at det er atskillig enklare å driva gard i Stange der han kjem ifrå enn på Vestlandet. Og han innrømte meir: Han hadde ikkje før han overtok departementet vore fullt ut merksam på kor stor denne næringa er og kor mykje den betyr for landet.

Mykje av diskusjonen under møtet handla om korleis Senterpartiet skal få gjennomslag i valkampen om ålvoret for landbruket og om at dette vert eit lagnadsval for næringa. Men nokon klår oppskrift i så måte kom ikkje fram.med unnatak av rådet frå statsråden:

- Få fram skiljelinene og ver tydelege!

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen